



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Tiril Marie Jansen, 51 56 87 06

## Utlysing prosjektskjønn - 14 millionar kroner til utviklings- og innovasjonsprosjekt i kommunane

**Innovasjon og nytenking er naudsynt for at kommunane skal halda fram med å levere gode tenester til innbyggerane, samstundes som dei arbeider med å følgje opp FNs berekraftsmål. Statsforvaltaren i Rogaland har derfor sett av 14 millionar kroner til kommunale prosjekt for utvikling og innovasjon (prosjektskjønn) i 2025. Dette er ei auke med 2 millionar kroner frå året før. Vi vil med dette invitere kommunane til å søke om delfinansiering av slike prosjekt.**

Formålet med prosjektskjønn er å stimulere kommunane til å kunne jobbe med utvikling og innovasjon, og å bidra til at kommunane kan teste ut nye løysingar i si verksemd. Prosjekta skal styrke kommunane i si rolle som tenesteproducent, myndigheit, lokaldemokratisk arena eller som samfunnsutviklar.

**Søknadsfrist: 1. november 2024**

### Prioriterte område i 2025

Regjeringa har bestemt at FNs berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største nasjonale og globale utfordringar. FNs 17 berekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, motarbeide ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Innovasjon og nytenking er eit viktig verkemiddel for å oppnå berekraftsmåla, og fleire av måla kan berre bli oppnådd ved hjelp av lokal innsats.

Statsforvaltaren i Rogaland vil framheve tre strategiske satsingsområde: barn og unge, klima og berekraftige velferdssamfunn, som prioriterte område for prosjektskjønn i 2025.

Barns beste er eit grunnleggande omsyn ved alle handlingar som påverkar barn. Ulike sektorar må sjå barnerettar og oppfølginga av barn, unge og deira familiar som ei heile. Målet er at alle barn skal oppleve eit godt og inkluderande oppvekst-, leike- og læringsmiljø, og få oppfylt sine rettar etter Barnekonvensjonen. Det vil krevje endringar og tilpassingar i korleis kommunane, fylkeskommunen og den regionale stat løysar sine velferdsoppgåver



Klimautfordringa er global, men mykje av utsleppsreduksjonen og tilpassinga vil måtte skje nasjonalt og lokalt. Norges mål under Parisavtalen er å redusere utsleppet av klimagassar med 50 til 55 prosent innan 2030. Norges klimalov utgjer rammene for norsk klimapolitikk, og skal fremme gjennomføringa av omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. Det vil krevje samordning og endringar i korleis kommunane, fylkeskommunen og den regionale stat forvaltar ressursane for å gjennomføre klimaomstillinga.

Berekraftige velferdssamfunn er relatert til fleire av berekraftsmåla. I tiåra som kjem vil det stå færre i yrkesaktiv alder bak kvar pensjonist. Statens utgifter vil gå opp, utan at inntektene aukar like mykje. Mangel på kompetent arbeidskraft vil vere ei tilsvarande utfordring som økonomi. Å ta vare på og sikre velferdssamfunnets berekraft, inkludert at vi oppfyller rettane til menneskjer med nedsett funksjonsevne (CRPD), er derfor vesentleg for at Rogaland skal vere eit godt fylke å bu i.

Det må kome tydeleg fram av søknaden korleis prosjektet relaterer seg til dei prioriterte områda for prosjektskjønn.

Samarbeid på tvers av kommunar og sektorar er helt nødvendig for å få til den nyskapinga som skal til for å oppnå FNs berekraftsmål. For å stimulere til samarbeid vil Statsforvaltaren derfor spesielt prioritere å støtte **samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar**.

Det vil styrke kommunen sin søknad dersom kommunen er med i samarbeidet Bærekraftsfylket Rogaland ledet av Rogaland Fylkeskommune.

Ved vurdering av søknadene vil Statsforvaltaren i tillegg legge vekt på **gevinstrealisering** og **overføringsverdi** til andre kommunar. Vi vil òg ta **geografiske omsyn** ved fordelinga, slik at utvikling og innovasjon kan bli prioritert over heile fylket.

Kommunal- og distriktsdepartementet legg i tillegg følgande føringar for tildelinga av skjønnsmidlar til utviklings- og innovasjonsprosjekt:

- Det kan ikkje gis støtte til ordinær drift, ordinære investeringsprosjekt eller drift av ordinære kommunale samarbeid.
- Det er berre kommunar som kan stå som søkar og ansvarleg for prosjektet. Kommunane kan samarbeide med andre aktørar.
- Prosjektsøknader må vere forankra hos kommunen si leiing og blant dei tilsette. Dersom kommunen deltek i fleire prosjekt som det blir søkt om midlar til må desse vere klart prioritert.
- Søknader må inkludere ein gjennomtenkt og realistisk prosjektplan med god omtale av dei utfordringar prosjektet skal bidra til å løyse.
- Kommunen må ha ei klar målsetting med prosjektet og beskrive aktuelle verkemiddel og løysningar som prosjektet skal teste ut.
- Kommunal eigenfinansiering er naudsynt. Omfang av eigenfinansiering og eventuell anna delfinansiering må kome fram av søknaden.
- Næringsutviklingsprosjekt kan ikkje få prosjektskjønn.
- Søknader for prosjekt som blir vidareført, må greie ut for prosjektet si framdrift og bruk av tidlegare tildelte midlar.
- Søknaden må innehalde ein omtale av korleis kommunen legg opp til erfaringsdeling med andre kommunar.



Prosjekt som høyrar under andre statlege tilskotsordningar vil vi sjå i samanheng med desse når vi fordeler prosjektskjønnet. Vi kan ikkje tildele prosjektskjønn for å dekke kommunen si eigenfinansiering i prosjekt som får andre statlege tilskot.

### **Prosess for søknad og tildeling**

Søknad om innovasjonsmidlar sender kommunen inn via felles søknads- og rapporteringsportal for prosjektskjønn: <https://prosjektskjonn.statsforvalteren.no/>

Alle prosjekt som tidlegare har fått tildelt midlar finn de her:  
<https://prosjektskjonn.statsforvalteren.no/offentlig>

Rettleiing til bruk av portalen ligg på Statsforvaltaren sin nettside under dokument på kommunal fornying: <https://www.statsforvalteren.no/nb/Rogaland/Kommunal-styring/Kommunal-fornyng/>

Søknadane skal innehalde eit budsjett/kostnadsoverslag.

Søknadsportalen er open til og med 1. november 2024.

Vi vil innhente synspunkt på søknadene frå KS Rogaland. Vi vil sende ut tildelingsbrev om utviklings- og innovasjonsprosjekt innan utgangen av året.

### **Rettleiingsmøte i forkant av søknadsfristen**

Vi inviterer til eit opent digitalt møte om skjønstilskotet til utvikling og innovasjon. Her vil vi gå igjennom søknadsprosessen, gi tips og råd og svare på dei spørsmål som dykk måtte. Møtet vil vere på Teams. Tidspunkt: **Måndag 30.09.24 kl.13:00.**

For påmelding gå til vår kurs- og konferansekalender:  
<https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/Kurs-og-konferansar/>

Vi er tilgjengelege for rettleiing og dialog i forkant av søknadsfrist, etter tildelinga av midlane og gjennom heile prosjektperioden.

### **Rapportering for nye prosjekter 1. mars 2026**

Prosjekter som får tildelt midlar for 2025 skal rapportere innan 1. mars 2026.

### **Rapportering 1. mars 2025 for pågåande og avslutta prosjekt**

Vi minner om rapporteringsfrist 1. mars 2025 for alle prosjekt som tidlegare er tildelt midlar og som ikkje har levert endeleg rapport. Prosjektportalen vil vere open for rapportering frå og med 6. januar 2025. Prosjekt som er avslutta skal levere endeleg rapport, med omtale av dei mål kommunen har nådd, erfaringar med prosjektet, oppfølging i ordinær drift, gevinstrealisering og økonomi. Resultata frå prosjekta må vere dokumenterte for å sikre overføringsverdi og medviten pengebruk. Legg ved eigen prosjektrapport og -rekneskap. Prosjekt som ikkje er ferdige innan rapporteringsfristen skal levere ein undervegs-rapport. Prosjektmidlane skal gå til formålet som skissert i prosjektsøknaden. Dersom eit prosjekt ikkje blir gjennomført som planlagt, og kommunen derfor ikkje får brukt tildelte midlar i tråd med søknad, skal kommunen rapportere om dette og betale tilbake midlane.

Ved spørsmål ta kontakt med saksbehandlar Tiril Marie Jansen (tlf. 51568706) eller fagdirektør Kristine Enger (tlf. 51568828).



Med helsing

Bent Høie (e.f.)  
statsforvalter

Monica Nessa  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Adresseliste:

Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane